

Sveinung Toft
Stranda 435
5993 Ostereidet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3029 - 22/36631

Saksbehandlar:
Mari Emilie Pettersen Hagenlund
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.
kommune.no

Dato:
11.05.2022

Vedtak om tilskot til drift med taubane - gbnr 18/5 Toft

Administrativt vedtak: Saknr: 530/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Alver kommune løyver inntil kr 252 000,- NOK i tilskot til den omsøkte taubanedrifta på følgande vilkår:

- Ettersom det ikkje er utført MIS registrering skal føre-var tiltak frå Levende Skogs standard følges ved drift.
- Skogeigar skal sørge for at alderskravet er oppfylt ved avverking.
- Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Avvirkning av arealet utløyser foryngelsesplikt.
- Tilskot blir utbetalat ved innsending av utbetalingsanmodning med dokumentasjon på kvantum.

Eventuelt ubrukt løyving vert trekt tilbake, eller det kan gis tilleggsløyving for overskytande kvantum.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Saka gjeld

Sveinung Toft har søkt om tilskot på 140,- NOK per m³ og totalt 252 000,- NOK for avverking ved bruk av tung taubane på over 150 meter på GBNR 18/5. Drifta er estimert til å avverke ca. 1800 m³ gran på totalt 35 daa. Arealet er ei bratt liside mot Hindenesfjorden som vart planta kring 1950-1960 og det vil vera eit krevjande terreng å bygga veg i. Taubane er difor vurdert som eit godt alternativ.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Tilskotet vert gitt til hogst på bratt og vanskeleg terreng som ut frå driftstekniske tilhøve bør drivast med taubane

Det er kommunen som løyver tilskotet, men det er statsforvaltar som avgjer ramma til kommunen. I samråd med statsforvaltar vart ramma til tilskotsmidlar auka for dette prosjektet. Løyvd tilskot blir utbetaalt ved innsending av utbetalingsanmodning med dokumentasjon på kvantum.

Tilskotet er 140,- NOK pr m³ av virke som vert registrert i virkesdatabasen. Minste beløp for utbetalning er kr 2.000. Ved avslutta drift kan 85 % av omsøkt beløp utbetalast med bakgrunn i produksjonsfil frå hogstmaskin.

VURDERING:

I NMSK-forskrifta står det: «*Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregisteringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de føre var-tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder*».

Ifølge landsskogtakseringen står 30% av planta granskog i Vestland fylke i taubaneterrenget. Det er liten konkurranse med anna arealbruk på dei bratte areala og dei er godt egna til skogbruk. Taubanedrift er ei viktig driftsform for Vestland fylke. Det er viktig at dei få aktørane som driv med dette, har ein økonomi som set dei i stand til å utvikla metodar og utstyr i takt med teknologisk utvikling.

Tilskot til drift i vanskeleg terrenget skal berre gjevest når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir tatt omsyn til skogens funksjonar i høve til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevest der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området, eventuelt krav om gjennomføring av dei føre var-tiltaka som er nedfelt i Levende Skogs standardar.

Lågaste alder for å mota tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder (år)	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55	+10
G23	60	+12
G20	70	+13
G17	80	+14
G14	90	+16

Andre avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal ikkje gjevest tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motvirke utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturlig avgrensa driftsområde
- til område som skal brukast til andre formål enn landbruksproduksjon.

Relevante databasar som kilden.nibio og naturbase har vorte sjekka for MIS registreringar og andre registreringar av rødlista artar, kulturminne, kulturlandskap, friluftsliv etc., men det er ingenting registrert på eigendommen. Det er heller ingen skogbruksplan for eigedomen, noko som tilsei at området ikkje er kartlagt.

Ettersom det ikkje er utført MIS registrering vil det derfor verta som eit vilkår for å motta tilskot at føre-var tiltak frå Levende Skogs standard skal følgjast

Det meste av bestanden ser ut til å vera hogstmoden. Skogeiar har mykje erfaring og informerer om at skogen vart planta på 50-60 talet. Bestanden består av skog på særhøg og høg bonitet, så det tilsei at alderskravet er oppfylt.

Det vert likevel stilt krav til at skogeigar og entreprenør sørger for at alderskravet er oppfylt ved avverking som eit vilkår for å motta tilskot.

Regelverk

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sveinung Toft

Stranda 435

5993 Ostereidet